

Hanabergshagen blei truleg lagt øyde i pest kring 550 e. Kr., Her ser me hustufta og geilen ut.

# DÅ ØKSNA-MOTLAND LÅ ØYDE

## Pest og øydetid i Nærø 1349 – 1600

BIRGER LINDANGER

*Som landet elles, blei også dei to sokna Njærheim og Bø – sidan Nærø kommune – ramma av pest og avfolking i seinmellomalderen. I det fylgjande skal me rekonstruera korleis katastrofa herja med Nærø. Dinest skal me gå inn på kva metodar som kan nyttast for å kartlegga krisa i eit så lite område.*

### Den store redsla

I september 1349 gjekk ei stor redsle over gardane kring Øksnamotlandstjernet – ennå hadde ikkje øydetid gitt Aude-Motland namn. Frå den vesle kyrkja oppe på Bø steig det bøn til dei heilage om å halda hand over bygda. Gjetordet fortalte at ei fælsleg sott rasa i verda og at ho jamvel hadde gått i land ved Vika på Austlandet og i Bergen.

Vel var folket vane med epidemiane som mest kvart tiår sende gamle og unge i grava. Sjukdom hadde gode kår i Bø-sokna i mellomalderen, særleg på vårparten. I dei mørke og røykfulle årestovene med jordgolv var det uråd å halda god hygiene om nå verdien av slikt i det heile hadde vore kjend.

Lopper og lus trivdest framifrå. Reinsemda utan-dørs var heller ikkje av beste merke. Folk budde tett saman i klyngetun der mittingar og «pytttestader» aula av rotter og fluer. Titt låg brønnane i vassiget nedanfor og blei slik kraftig forureina.

Kornet kunne stundom vera dårlig tørka og fullt av gift frå den farlege meldrøyesoppen. Etter ein hard vinter kunne motstandskrafta både hjå folk og fe vera

heller veik og gav epidemiane eit solid fotfeste når dagane tok til å lengast att.

Stundom gjekk det så hardt til at bruk og stundom heile gardar blei avfolkta. Dette var likevel så pass vanleg at folk ikkje gjorde større nummer av det. Det var Guds straff og lite å gjera med. Naturmedisinane gav oftast tvilsam effekt og lækjarar fanst kje. Oftast var det «kloke» koner som trødde til med urter, igler og mystiske formlar. Noko trøyst og lindring kunne også prestar og munkar gje.

Særleg hadde blodsott (dysenteri) og andre mage- og tarmsjukdommar og reine matforgiftingar gode kår. Tuberkulosen var også jamnt ei plage. Sidan sjukdommane oftast var mest alvorleg for dei små borna, er det ikkje underleg at den gjennomsnittlege levealderen ikkje kom stort over 30 år.<sup>1</sup>

### Restar av gammal øydetid

Likevel var dette bare krusingar mot den flodbylgja som nærma seg strendene nå. Det var pest, ein epidemiisk sjukdom sjølv ikkje dei eldste hadde hørt om. Rett nok herja pest Europa også kring 550 e.Kr. Men

minnene var bare nokre uklare segner knytta til øyde-  
tufter på Klauhauane, Hanaberget og Sudabergs-  
brådet. Og sørvest for Hanaberget låg det framleis eld-  
gamle tufter på Høneland.

Anlegget kring Klauhauane var elles uvanleg  
omfattande. Markagarden ringa inn i det minste to  
tun: Hanbergshagen og Sudabergsbrådet og kanskje  
også eit tredje tun: Øggarsbrodet straks vest for  
Øksna-Motland. Jamvel Klauhauane kan på eit kvart  
vis ha hørt til anlegget der det låg straks nord for  
munne til fegata til Sudabergsbrådet.

Markagarden frå Øksna-Motland strekte seg over  
desse anlegga og fortalde på sin måte at det var lenge  
sidan det hadde vore tak over tuftene her. Men det kan  
nok også ha stått eit bygg her i høgmellomalderen.

### Pesta kjem til gards

Nå gjekk rykta at bergensarane fylgte 80 til grava på  
ein dag. Og av desse var 16 prestar! Ute i verda tok  
visst ikkje dauden nokon ende – gjekk det mot dom-  
medag? Skulle alle døy? Mange vonde varsel hadde  
synt seg dei siste åra: kometar, underlege skodder og  
natukatastrofer. Nå fylgte Guds straff for eit sedlaust  
liv!

Pestepidemien starta i det fjerne Kina alt i 1333 og  
nådde Europa i 1346. I november 1348 tok pesta til å  
spreia seg i England og det var bare eit tidsspørsmål  
før ho tok spranget over til Noreg. På forsommaren  
1949 skal pesta ha starta herjingane sine kring Oslo og  
på ettersommaren i Bergen. Og frå Bergen spreidde  
sjukdommen seg raskt langs kysten.

I oktober strauk bøndene i Bø og Njærheim kyrke-  
sokn av stad med nytreska korn, nykinna smør, salt  
kjøt, talg og anna dei åtte overskot av til haustmark-

nad i Stavanger. Etter handelen møttest gamle kjen-  
ningar i festleg lag i vertshusa på Skagen eller i  
Kriken. Jærbønder og ryfylkingar sat tett og lufta var  
rå og tung. Det var'kje lett å halda unna framande lop-  
per og anna utøy.

Då kom bodet om at dei bar pestlik frå Nasargard.  
Skræmde bygdefolk hasta heimover etter ein rask  
avskil, nokre med dauden i kleda eller kroppen.  
Bonden frå Øksnamotland merka snautt loppebitet. På  
hesteryggen heimover klødde han seg over den kvise-  
aktige betennelsen medan han tala med grannen om  
uhyggelege utsikter. Måtte den heilage møyen Maria  
verna dei alle mot pesta.

Dagen etter samlast bygdefolket i stovene til byfa-  
rarane for å fretta nytt – kva hadde dei hørt, kva  
hadde dei sett? Dagane som fylgte kom jamvel byfol-  
ket rymande sørover Jæren og fortalte korleis folk i  
bispebyen døydde så det mest ikkje var tid til å grava  
dei ned. Etter som det såg ut, kom alt folket i byen til  
å døy.

Eit par morgonar etter møtte mannen på Øksna-  
motland kona i dødsangst. Han følte seg ring og hadde  
fått ein eggstor byll i lysken – kunne det vera anna enn  
pest? Feberen auka utover dagen og om natta kom  
fantasiane og lemmar som lea seg heilt ute av kontroll.

Då svarte flekkar tok til å bløma opp over heile  
kroppen, var det klart at det gjekk mot slutten. Bod  
blei sendt til presten som tvinga seg til gards med den  
siste olja. Han skjøna vel kvifor byprestane døydde i  
hopetal, men det ville vitna om skral gudstru om han  
rymde unna.

Då han kom inn i sjukestova var bakteriane i ferd  
med å gå over i blodet. Det var fyrt loppene som saug  
bonden nå, som fekk smittestoffet i seg. Straks etter

døydde han og tok til å kolna. Det jaga dei infiserte  
loppene mot nærmeste varme kroppen. Presten lukka  
augo på liket og gjekk.

Sidan drog Pesta bygda over. Dei to prestane i Bø  
og Njærheim fylgde etter og prøvde å lindra og trøysta  
til dei sjølv kjende pesta i kroppen. Sidan fortalte folk  
at «Pesta bar med seg sopelime og rive under kvar  
arm». I tuna på Høneland, Bjorhaug og Gudmestad  
sopa ho og varsla at alle skulle døy. Framom dørene til  
Store Motland, Kvæ og Skjærpe fann ho fram riva,  
der skulle nokre overleva.

### Pesta

Den historiske kjernen i segna er at sjukdommen  
kunne arta seg på to vis. Oftast bana han seg veg inn i  
kroppen ved loppebit. Då braut det ut byllepest.  
Helvta av dei som blei angripne slik døydde. Men om  
pestbakteriane skulle nå lungene før den sjuke  
døydde, utvikla det seg betennelsar der. Pasienten  
hosta då opp slim og blod og ei mengd smittestoff. I  
det råe jærklimaet hang dei små dråpane særleg lenge  
i lufta. Alle som kom inn i rom med lungepest blei  
smitta og døydde etter to – tri dagar. Også inntørka  
svullstøv frå byllane kunne starta lungepest. Folk som  
arva klede etter ein pestdød, blei titt smitta slik. Sidan  
folk ikkje kjende smittevegane, kunne bygdefolket  
fremja spreiainga av epidemien ved å skjæra i svullane  
eller selja kleda etter dei døde.

Farlegast var det likevel om loppebitet gjekk rett i  
ei blodåre. Då kom smittestoffet i blodet med ein gong  
og drap den smitta på få timer. Under slike vilkår  
overlevde ikkje dei to prestane særleg lenge. Og kyr-  
kjegardane på Njærheim og Bø fyltest med lik, heile  
vinteren grov dei. Då det på ny gjekk mot spadetid

våren 1350 spakna epidemien som let etter seg eit par  
hundre ferske graver, tredjeparten av folketalet i  
bygda.

Særleg var det dei veikaste, dei minste borna og dei  
gamle som strauk med. Ungdommen og vaksne folk  
greidde seg betre. Men dei òg minka det mykje på.  
Difor sto mange bruk folketome. I åra som fylgte  
straks etter pesta løyste barsøl og bryllaup av gravøla.  
Tett før Svartedauden var det vanskeleg å skaffa seg  
gard. Og utan leveveg laut ungdommen venta med å  
gifta seg.

Dette endra seg med pesta. Ei lang rad bruk blei lig-  
gjande ledige og jamvel pur unge kunne få jord og  
gutta seg. Dessutan gifta mange seg opp att som hadde  
mista ektefellen. Alt dette førte til at det brått kom til  
verda fleire born enn før, i det minste i høve til folke-  
talet. Dessutan hadde dei skrøpelegaste falle frå slik at  
det også blei etter måten færre dødsfall. Difor tok såra  
etter pesta til å gro utruleg raskt.

### Barnedauden, Drepsotta og Storsotta

Såleis kan folketalet ha vakse frå kring 400 til 500 frå  
1350 til 1359 i det nåverande Nærbø. Problemet var at  
pestbakteriene framleis fanst i landet. Då var det at ein  
ny omgang pest braut laus, anten frå innkapsla i celler  
i kroppen hjå folk som overlevde eller frå dyreverda,  
helst gnagarane. Den nye epidemien gjorde store inn-  
hogg i småbarnflokkene som kom til etter 1350 og også  
hjå andre grupper og gav folketalet ein ny trykk nedover.

Alt som var vunne og meir til gjekk tapt. Kanskje  
fall folketalet ned mot 350, helvta av det det var i høg-  
mellomalderen. Etter at utbrotet slapp taket, tok folke-  
talet straks til å auka, men noko saktare denne gongen.

Giftarmålsalderen kunne vanskeleg gå særleg meir ned. Medan folketalet ennå var i underkant av det førre lågmålet, slo «Drepsotta» til i 1371.<sup>2</sup>

Nå gjekk det stadig tregare å henta inn tapet. Barnekulla som hadde overlevd dei førre pestane, var nå gifteferdige. Men dei var små, og det førde til at etter måten færre familiar blei danna og færre born kom til verda. Dessutan pressa nye utbrot av pest folketalet stadig nedover. Kring 1380 fekk dei ein ny omgang, og under «Storsotta» i 1391 kan det tenkjast at folketalet fall frå 450 ned mot 350. Pesten kom altså tilbake med om lag ti års mellomrom – også vidare framover i 1402, i 1412/13 og i 1420. Særleg tett kom utbrota midt på 1400-talet. Såleis skal det ha rasa epidemiar i 1445, i 1446/47, i 1452 og i 1459. På denne tida må folketalet ha nådd eit absolutt minimum, kanskje jamvel under 200, eller mindre enn tredjeparten av det høgaste nivået i høgmellomalderen.

#### Mot botnen

På denne tida fanst så få skriveføre att at det er lite me får vita om desse epidemiane her til lands. Ute i Europa heldt pesten fram med om lag ti års mellomrom. Om ikkje alle nådde Nærø, var det nok til å halda folketalet nede på botn-nivået. Kring 1520 låg det framleis på kring eit par hundre.

Utover mot 1600 minka styrken til pestane. Likevel var dei harde nok til å gjera kraftige innhogg i busetnaden kring 1599/1600. Sidan var det pest i distriktet i 1618/19, og den siste pesteepidemien som ramma Nærø, ebba ut kring 1630. Men nå hadde sjukdommen mista så mykje av styrken at han bare seinka folkeauken litt.

I det heile heldt pesten folketalet nede på kring tre-

djeparten av gammalt nivå gjennom heile 1400- og 1500-talet. I 1520 låg det truleg kring 200, nær botnivået frå 1400-talet. Fyrst kring 1600 runda talet på nærbøuar på ny 300, og nå var folketalet for alvor på veg oppover.

#### Ei bygd i forfall


Den som kom aust til på stigen framom Våland kring 1520, fekk sjå ei bygd i forfall. Naturen var i ferd med å ta tilbake det menneska hadde slite fram. Over åker og eng og gamle hustufter trengde lyngen fram. I utmarka makta ikkje dei små buskapane å halda kratt og småskog nede. Det hadde vorte langt mellom dei rykande ljarane, det var stusseleg i dei store mellomaldertuna.

Borte på Risa der det 180 år tidlegare strevde åtte bønder, budde bare Tarald og Helge att – begge folk i rimeleg romslege kår. Men sidan var det fyrst ljarerøyk å sjå på Bø. Dette var sjølve storgarden i Bøsokna der det kan ha halde til kring åtte bønder i høgmellomalderen. Nå var her bare tri familiar att attåt presten.

På Opstad levde to familiar att, og på Kvia heldt fattige Torstein til åleine. På Store Motland og Lode heldt to bønder kvarandre med selskap medan det bare var ein att på Skjerpe. Elles budde det tri familiar på Torland og Nesheim, dei to storgardane ved Håelva.

På desse gardane var det i det minste litt liv. Mellom nedrotna bygningar fanst framleis eit og anna hus under tak, delar av åkrane gulna framleis mot hausten. Det var romsleg og stilt for dei overlevande.

På langt fleire gardar var det slutt. På Våland og Lindal, på Håland, Gausland og jamvel Gudmestad fanst ingen att til å spa. Jamvel den gode garden



Øksnamotland nede ved tjernet låg i øyde og var i ferd med å få namnet «Auda Motland» til skilnad frå Store Motland. Nokre av gardane blei tidleg busette att då folketalet på ny steig, slike som Njølstad, Gausland, Grødem, Bjorland og Bjarhaug. Andre blei aldri sett i drift eller laut venta til moderne tid for ny busetnad, slike som Høneland, Rongjå, Lindal, Årdal og Udlaland. Av dei 27 gardane i Bøsokna i høgmellomal-

alderen var bare ni busette i 1520. Og av dei kring 70 bøndene i 1349 var det att 20 i 1520!

Langs strandene, ute i Njærheimsokna sto det betre til. Av dei 14 fjorten høgmellomaldergardane var framleis 11 i drift i 1520. Og av dei kring 40 bøndene før Svartedauden var 24 att i 1520! På gardar som Rimstad, Hå, Obrestad og Nord-Reime har me ikkje teikn på avfolkning i det heile. I det heile virkar det som

om sjøgardane slapp lettare enn gardane som låg lenger inne i landet.

### Kvar tredje levde att

Pesten viste godt at i landskapet. Av 45 gardar før ho starta herjingane, var det i 1520 att 20 med folk. Og av kring 110 bønder, fanst det nå bare 42 – 38% av nivået før Svartedauden. Utviklinga av folketalet totalt er det verre å seia noko sikkert om. Det har vore vanleg å rekna at det normalt fanst 6 innbyggjarar for kvar bonde. Dette stemmer likevel ikkje med utviklinga på 16- og 1700-talet. Dess høgare folketalet blei i bygda i desse hundreåra, dess meir folk budde det i kvar familie. Eit høgt folketal gjorde at ungdommen laut gå lenger heime før dei fekk jord og kunne gifta seg.

Difor kan det tenkjast at medan det bare var 5,5 i kvar familie i 1520, var talet oppe i 6,2 kring 1349. Skulle dette ha noko for seg, fall folketalet frå 680 i 1349 til 230 i 1520. Me må rekna med at midt på 1400-talet låg det endå noko lågare enn i 1520.

Slik er biletet me har rekonstruert av pestherjingane i Nærø i seinmellomalderen. Men korleis kan me vita alt dette? Korleis er det råd å finna haldepunkt for busetnaden i høgmellomalderen og dinest for lågmålet i seinmellomalderen.

### Kvifor Auda-Motland blei avfolka

Etter at me har gått over bygda og funne kvar øydegardane låg, spør me oss kvifor nett Høneland og Øksnå-Motland mista folka sine og ikkje Bø og Nesheim. Har det noko med mørsteret i busetnaden å gjera? Kikkar me etter i marka, ser me at øydegardane for det meste er klart mindre enn dei gardane som beholdt folka. Det ser me om me held Udlaland mot Bø, Rongjå mot Kvia

eller Årdal mot Opstad. Av dei øydegardane som blei gjenrydda, fekk ingen meir enn to bønder på 1600-talet.


På hi sida hadde ingen av dei som slapp heil avfolkning færre enn to bruk. I gjennomsnitt hadde desse i 1664 3,9 bønder, mot 1,7 bønder på dei tidlegare øydegardane. Dette er underleg. Gjorde ikkje pesten djupare innhogg der folk budde tett enn der dei budde meir spreidd?

Endå betre skil landskylda øydegardar frå gardar med kontinuerleg busetnad. Gardane med lågast landskyld var dei som hadde lege øyde. Medan gjennomsnittsskylda på øydegardane som var busette i 1660-åra låg på 17,2 spann korn, var ho for dei andre gardane 77,3 spann! Njærheim med sine 168 spann hadde ei større landskyld tilsvarende desse øydegardane til saman.

Også kvar bonde på øydegardane hadde mindre landskyld enn på dei gardane som beholdt folk gjennom pesttida. Medan ho hjå øydegardsbonden var snaue sju spann i gjennomsnitt, betalte dei andre bøndene 23 spann.

Var det slik at folk flytta frå gardar med låg skyld til gardar med høgare skyld? Korleis kan det ha seg at folk var viljuge til å ta på seg større leigeavgifter enn dei trøng? Spørsmålet blir om landskylda gjev eit rett inntrykk av kor gode dei ulike gardane var innbyrdes.

Eit døme på dårleg samsvar mellom landskyld og avling, er Vestre Håland der dei sådde 800 kilo havre og betalte ei skyld på 15 spann korn, mot Risa der utsåden var 800 kilo og landskylda 72 spann. Dei sådde altså 53 kilo korn for kvart spann skyld på Vestre Håland og 11 kilo på Risa. Leigeavgifta i høve til produksjonen på den tidlegare øydegarden var altså femteparten av det ho var på den garden som slapp heil avfolkning. Medan dei på attrydda øydegardar i



1664 sådde i gjennomsnitt 785 kilo korn, sådde dei tilsvarende på «1520-gardane» 2,7 tonn! Jordleiga pr. spann på øydegardane låg midt på 1600-talet i gjennomsnitt på 2/3 av det me finn på dei andre gardane.

Kvifor var det så dårleg samsvar mellom leigeavgifta og jordbruksproduksjonen i tider då såra etter pesten stort sett hadde grodd? Kvifor hadde dei tidlegare øydegardane ei så låg landskyld? Kvifor var i det

heile jordleiga så låg midt på 1600-talet i høve til 12- og 1300-talet? Lat oss gå tilbake til øydetida for å sjå om me kan ana svar der.

Me veit for det fyrste at minst 3/4, truleg heilt opp mot 80 – 90%, av alt jordegodset i Nærø blei drive av leiglendingar kring 1350. Og venteleg var det brukbar tilgang på folk som ville leiga jorda sidan landskylda låg så høgt.

## Folk flyttar

I løpet av pestepidemiane etter Svartedauden blei balansen mellom tilbod og etterspurnad etter jord svekka. Stegvis sokk talet på bønder frå kring 110 før Mannedauden til 42 i 1520, eit tal som altså kan ha vore endå lågare midt på 1400-talet. Etter kvart blei det langt meir jord til leige enn det fanst leigarar -det blei leigars marknad. Folk tok då til å flytta frå små til større gardar.

I løpet av dei fyrste generasjonane gjorde ikkje jordherrane noko med landskylda i håp om at jordoverskotet var eit fenomen som skulle gå over. Men etter kvart rotna husa ned og innmarka grodde over på Høyland, Årdal, Saltveit, Njølstad og dei andre øydegardane. År for år minka verdien til øydegardane, og for kvart år blei det mindre interessant for bøndene å slå seg ned på dei.

Denne utviklinga tvinga jordherrane til å by fram desse gardane for ei langt lågare jordleige enn den som var ført opp i jordebøkene. Også mellom dei større gardane blei det konkurranse – ingen bonde trong slå seg ned på ein gard med etter måten høg landskyld. Difor blei leiga pressa ned også på dei gardane der det heldt fram å bu folk. Etter nokre generasjoner, kring midten av 1400-talet, festa den nye landskylda seg og erstatta den gamle i jordebøkene.

Den nye, låge landskylda fekk altså stadig sterkare hevd. Og i 1539 blei det gitt ei lov om at ho ikke kunne endrast utan av ein lagrette. Etter dette skjedde det små endringar. Slik var landskylda etter reformasjonen eit resultat av avfolkinga. Difor er ho dårleg eigna som utgangspunkt til å forklara *kvifor* ho utvikla seg som ho gjorde.

Men me har andre mål på om kvaliteten varierte frå

gard til gard. Etter ei jordbrukssteljing i 1723, då me må tru dei hadde hatt tid til å få attrynna øydegardar i hevd att, var skilnadene klare. Medan dei i gjennomsnitt på kvar øydegard hausta 1,8 tonn korn, fekk dei på dei andre gardane nærare åtte tonn! Sidan gardane som overlevde pestane kasta mest av seg, budde det også flest folk der.

## 1520-bruka best

Også på kvar bonde var ressursane stort på «1520-gardane». Medan øydegardsmannen i gjennomsnitt avla 1,1 tonn korn i 1723, hausta kvar av dei andre bøndene snautt to tonn korn eller mest det doble. Også sjølvåkerjorda var ringast på dei tidlegare øydegardane. Medan dei der bare hausta 4,6 kilo for kvart kilo dei sådde, fekk dei 5,9 kilo på 1520-gardane. Difor satsa øydegardsbonden etter måten sterkare på husdyrhald. Buskapen hans var på 7,7 kyrlag i snitt, mot 10,7 hjå dei andre bøndene. I 1520 var det ein ennå større fordel å få seg eit ledig bruk på ein alt busett gard enn å slå seg ned på ein øydegard. På den tida var det i gjennomsnitt 2,1 bønder på kvar gard mot 3,9 bønder på dei same gardane i 1664. Det vil seia at det på kvar bonde fanst tilsvarande større ressursar.

Altså var dei gamle øydegardane ringast både når det galdt åkeravling og husdyrhald. Nå skjønar me kva som hende. Pestepidemiane ramma nok dei ulike gruppene av gardar nokså likt. Truleg gjekk det hardast ut over dei største gardane der folk budde tettast. Etter at pestane hadde rasa frå seg, kan godt ein gard som Kvia ha vore avfolkta medan bøndene både på Høyland og Rongjå greidde seg. Kva var rimelegare enn å flytta frå desse ringe smågardane til det betre Sele? Då spelte det mindre rolle om dei laut betala litt

meir i landskyld. Kvifor skulle bonden på Meland eller Austre Håland bli buande viss Oppstad låg folketomt? Ei omfattande flytting frå dei små og skrinne gardane til dei større og meir grøderike gardane fylgte i fotefara til pestepidemiane.

Av dei 31 gardane me trur hadde ein eller to bønder i høgmellomalderen, låg 24 – 3/4 øyde – i 1520. Og av dei 14 gardane som hadde meir enn to bønder, låg ein utan folk. På dei ein- og to-bølte gardane minka brukartalet frå 44 til 10 (77%) medan det på dei større gardane minka frå 66 til 32 (52%). Dei rikare ressursane på dei større gardane saug til seg folk frå mindre gardar.

På ein typisk øydegard som Bjarhaug, gjekk det bare eit par år etter avfolkinga før treverket tok til å morkna og det nevertekte taket rasa saman. Etter fire – fem år var lyng og kratt i ferd med å erobra åker og eng. Likevel, at garden låg utan folk ville ikkje seia det same som at han låg unytta. I forhold til landet elles budde folk framleis tett i Nærø. Kring 1520 budde her fire menneske per kvar km, åtte gonger meir enn landsgjennomsnittet.

Truleg la dei også meir vekt på husdyrhald etter avfolkinga. Det mangla folk til å spa alle dei gamle åkrane, og det var heller ikkje så stort behov for korn. Dei som overlevde kunne difor leggja om til meir arbeidssparande, men arealkrevjande husdyrhald. Kvar bonde ville ha best mogeleg utbytte med minst mogeleg arbeid og tilpassa seg slik at dei hadde fått så mykje betre rom. Denne omlegginga førde også til at kvar bonde ikkje auka avkastinga av drifta si i same høve som han fekk tilgang til større areal.

Med tida vende bøndene seg til den nye situasjonen og dei begynte å konkurrera med kvarandre om utmarka. Det førde til at dei også måtte verja dei luter

og lunnender som låg til partane deira sjølv om dei var langt større enn det forfedrane nøydde seg med. Ikkje minst galdt det dei gamle øydegardane.

## Øydegardane blir beite og slått

Det fine på Jæren var at sjølv om øydegardane grodde til med lyng, rann det ikkje opp stor skog. Den gamle dyrka jorda på øydegardane var klart betre enn i området ikring, gjødsla og til dels spadd som ho var gjennom hundreåra. Ho gav ennå framifrå beite og slått. Det hende jamvel at dei heldt i hevd delar av den gamle åkeren.

Frå naturen si side var også den gamle innmarka til øydegardane betre eigna til gardsdrift enn området ikring. Når landnåmsmannen plukka ut ein bestemt hol som bustad for seg og etterkommarane, skjedde det sjølvsagt etter nøye vurdering av dei jordbruksmessige kvalitetane på staden.

Tingbøkene fortel at øydegardar og øydebruk sist på 1600- og fyrst på 1700-talet årleg blei lyste ledige på tinget og frå kyrkjebakken. Det vanlege var då at nabobar til den ledige jorda gav bod og fekk driva henne mot å betala ei mindre «grasleige». Kanskje er det denne grasleiga som etter kvart utvikla seg til å bli den nye landskylda på øydegardane?

Etter avfolkinga fanst det i Nærø 25 øydegardar å dela mellom 20 busette gardar. Lagnaden deira varierte ein del. Oftast blei øydegardane lagde udelte inn under grannegardane, slik som Saltveit under Nærland, Rugland under Høyland og Lerskår under Risa. Det var óg ganske vanleg at somme gardar la under seg fleire øydegardar, mellom anna galdt det Obrestad som fekk både Lindal og Årdal – «Oberstad med Omdal og Lindal ødepladser».

Ein annan gard der bøndene forsynte seg grovt med øydegardar, var Bø. I nabolaget blei ei rad gardar avfolka og tri av dei sytte Bø-mennene å leggja under seg som beite- og slåttemark: Udlaland, Kvidaland og Hagnaltræ. I tillegg er det rimeleg at grannegardar som Bjorhaug, Bjorland (namn som er utleidde av «Bø»), Gudmestad og Grødem låg under Bø. Oppstad fekk øydegardane Meland, Harvaland og venteleg Austre Håland lagt under seg.

I denne tida blei også Øksnamotland – nemnt Øxne-Motland fyrst på 1600-talet – avfolka og endra namn til Audamotland. Det blir ikkje nemnt direkte kva gard Audamotland låg under. Men etter siste delen av namnet å døma, ligg det nær å tenkja på Store-Motland. «Øksnamotland» tyder elles venteleg oksemoselandet. Då Audamotland blei busett att kring 1600, blei Høneland lagt under garden.

Elles kunne øydegarden stundom liggja ganske langt frå hovudgarden. Såleis blei Lindal i 1661 direkte nemnt som støl under Obrestad og noko liknande må ha vore tilfelle med Årdal. Desse øydegardane låg opp mot ei mil frå morgarden. Elles låg Rongå heilt nede mellom Kvía og Oppstad – «Lode med Rongen ødegaard» – under Lode, Vestre Håland under Skjærpe og Haganes ved Håelva mest oppe mot Torland under Nesheim.

Opplysningsane om kvar alle dei kjende øydegardane låg, heldt seg levande i tradisjonen. Ein del av desse gardane blei heile tida haldne klart avgrensa frå hovudgarden. Det førde til at når folketaket tok til å skyta i vêret utover på 1600-talet, kunne dei på ny skiljast frå som eigne gardar.

Det var kryssande interesser når det galdt å skilja frå øydegardar. Medan kongen og jordherrane gjerne såg at det kom nye bønder på øydegardane og la til-

høva til rettes med mellom anna mellombels skattein- og avgiftsfritak, var bøndene som leigde gardane ofte mot at dei blei skilde frå på ny. Særleg galdt dette i ein periode med aukande press på ressursane.

## KORLEIS KAN ME VITA?

### Å rekonstruera høgmellomalderbusetnaden

Over har me teikna ei skisse av korleis den store mannedauden grasserte i Nærø og kva verknadar han fekk. Men korleis er det råd å vita noko om busetnaden i høgmellomalderen og fallet som fylgte? Den gamle jordeboka for Stavanger bispedøme som biskop Botolv fekk laga eit par tiår etter Svartedauden kom bort i Vest-Agder kring 1630. Og bare tri Nærø-gardar: Hå, Obrestad og Kvía, er nemnde i diplom frå høgmellomalderen.

Det gjeld då å vera open for alle typar kjelder som kan kasta lys over den mellomalderske busetnaden, jamvel om kjeldene er mange hundre år yngre eller om dei ikkje finst i skrift. Stadnamn, arkeologiske oppdagingar, pollenanalsar, C-14-dateringar, metrologi, kjennskap til jordsmonn, topografi, medisin, glasologi – alt dette kan hjelpe oss med å kasta lys over ein periode som kjeldemessig er vanskeleg å få lyft opp.

### «Eldste belegg»

Det fyrste og kanskje eldste kriteriet for å datera ein gard tilbake til høgmellomalderen, blir kalla «eldste belegg». Det vil seia at me finn kva tid dei ulike gardane blir nemnde fyrste gongen i skrivne kjelder. Blir ein gard nemnd fyrst på 1500-talet indikerar det òg noko om busetnad i høgmellomalderen.

Saka er at me generelt veit at landet og fylket blei

råka av svær avfolkning i seinmellomalderen. Eit vitnemål om dette er for Nærø sitt vedkomande mengda av øydegardar som fanst framleis mot slutten av 1600-talet. Og jamvel på dei matrikkelgardane der ein har hatt samanhangande busetnad, må mange bruk ha lege øyde.

Under slike vilkår vil det vera utenkjeleg at nokon friviljug tok til å rydda steinfull jord frå nyom med så mykje bygselledig jord kring seg – jord som blei boden fram mot låg leigeavgift. Folk flest hadde tids nok med å halda vedlike anlegga på dei gardane der det fanst noko busetnad. Etter ei så omfattande avfolkning fanst det bygselledig jord nok til alle som ville ha.

Faktisk kjenner me ikkje ein einaste nyrydding i Nærø før 1700 jamvel om me reknar med husmannsplassane. Fyrst etter 1821, utskiftingslova og oppløsing av fellesskapet i utmarka kunne det bli tale om etablering av nybrotsbruk. Før den tid var all jord i Nærø delt mellom eksisterande gardar noko som gjorde det mest uråd å trassa gammal tradisjon og minka fellesmarka med eit nytt, sjølvstendig bruk.

Difor reknar me alle einingar blir nemnde som gardar eller øydegardar før 1668 som busette i høgmellomalderen. Det kan tenkjast at gardar nemnde øyde kring 1668 kan vore i drift ei kort tid på 1600-talet for så å bli lagd øyde att. Men den omfattande felles driftsretten i utmarka gjer det lite truleg at dette kan dreia seg om nybrot. Dei tilfella på slikt elles på Jæren viser seg alltid å vera mellomalderske øydegardar.

Likevel må det jo vera slik at dess lenger me kjem etter 1350 før ein gard blir nemnd fyrste gongen, dess større er sjansane for at det dreier seg om ein nyrydding.

### «Øydestatus»

Blir ein gard nemnd «øyde» får me også viktig informasjon om fortida hans. Såleis fortel ei slik nemning at han på eit gjeve tidspunkt var busett og i drift og at han på eit seinare tidspunkt er blitt avfolka. Samstundes som me får vita litt om sjølve omfanget av krisa, styrker dette omgrepet dateringa av ein gard tilbake til høgmellomalderen.

Opplysningsar om øydegardar finn me elles i geistlege jordebøker, matrikkelen 1668, i tingbøkene og lensrekneskapen. Likevel skal ein vera merksam på at skatteliste på 1600-talet nyttar omgrepet «ødegaard» som ein skatteklasse og seier slik sett lite om øydelegging.

Oftast var det slik at dei største gardane før 1800 også var dei som fyrst blei sett i drift. Dei første landnåmsmennene sökte seg sjølvsgaqt ut dei beste jordene. Sidan auka forsprangen til dei seinare gardane rett og slett fordi den eldste jorda var lengst i kultur.

### Landskylda

Landskylda – jordleigeavgifta – er ein annan faktor som kan datera ein gard tilbake i tida. Til ein viss grad spegla ho av kvaliteten og storleiken til dei ulike gardane. Dessutan hadde ho ein tendens til å liggja fastlåst alt frå 1500-talet av og inn på 1800-talet jamvel om avkastinga til dei ymse gardane utvikla seg ulikt. Særleg lågt blei landskylda sett på gardar som låg øyde i seinmellomalderen.

Den minste garden som ved hjelp av andre metodar mest sikkert kan leiast tilbake til høgmellomalderen, er Våland. Denne garden hadde ved inngangen til 1600-talet ei landskyld på 9 spann korn.

Fylgjeleg er det mogeleg at gardar ned til denne storleiken er frå høgmellomalderen.

GARDSNAMN	BRUKARTALET I NÆRBØ 1520 – 1666							
	1519–21	1563	1604	1620	1640	1666	1723	1758
(husmenn)								
Rimestad	2	2	2	2	2	2	3	4
Søyland	1	2	1	2	2	2	2	1
Høyland	4	4	2	2	4	4	4	(1) 5
Nærland	2	1	2	2	3	3	3	(1) 3
Njærheim	5	5	6	6	8	9	12	7
Hå	2	2	P R E S T E G A R D					
Obrestad	2	2	2	2	2	2	3	(2) 4
Nord Reime	2	2	2	2	2	2	2	(1) 2
Sør Reime	1	2	2	2	2	3	2	2
Grødal	1	1	1	1	1	2	1	1
Vigre	2	3	2	3	3	5	4	6
Nesheim	3	4	5	5	5	7	6	7
Lode	2	4	3	3	3	3	3	3
Aude Motland			2	1	1	1	1	(1) 1
Kvia	1	2	2	2	2	3	2	3
Store Motland	2	1	1	1	2	2	1	1
Skjerpe	1	2	2	3	3	4	2	2
Bjorland			1	1	1	2	1	1
Tårland	3	2	2	2	2	3	5	4
Bjåraug				1	1	1	1	1
Bø	4	6	6	6	7	8	8	10
Grødeim			1	1	1	1	2	2
Gudmestad	2	1	2	2	3	3	3	
Gausland			1	1	1	2	2	
Njølstad			1	1	1	2	1	1
Risa	2	2	3	3	4	7	8	8
Våland			1	1	2	2	2	2
Opstad	2	2	2	2	4	4	4	(1) 4
Austre Håland			1	2	1	2	1	1
Vestre Håland					1	1	2	2
(husmenn) brukarar	42	54	58	63	74	93	92	(8) 94
I gj.snitt pr. gard	2,1	2,45	2,1	2,22	2,47	3,1		

Av dei gardane som ikkje blei heilt avfolka i seinmellomalderen, var Grødal land den minste med 24 spann korn landskyld. At nyryddingar skulle få ei så høg skyld er lite truleg. Gardar med høgare landskyld enn dette er difor truleg seinast frå høgmellomalderen.

### Eigedomstilhøva

Eit anna kriterium som kan trekkjast inn, er eigedomstilhøva tidleg på 1600-talet. Særleg er det jorddrotten som sto for stabilitet – kyrkja og institusjonane knytta til henne – som gjev eit kraftig indisum på høgmellomalderbusetnad. Medan bønder, krone og adel kunne handla med jordegods om lag som dei fann det for godt, følte kyrkja eit særleg ansvar for for jordegodset sitt, det var «heilag eigedom» og skifta difor ikkje eigar så lett.

For det andre gjorde reformasjonen at kyrkja i tida etter 1537 snautt kunne få noko nytt jordegods utanom gjennom makeskifte. Kyrkjeleg eigedom me får kjennskap til i 1640 kan difor som oftast førast til 1536 og med det sikkert tilbake til høgmellomalderen. Særleg sikre blir me om ein gard har to kyrkjelege eigarar. Og sjølvsagt er me sikrare dess tidlegare ein gard er nemnt med kyrkjelege eigarar.

### Stadnamn

Jamvel stadnamn og gardnamn kan fortelja om høgmellomaldersk busetnad. I Nærø finn me representantar for namneklassane **vin**, **heim** og **stad** som granskaran meiner blei tekne i bruk som gardsnamn så tidleg som i folkevandringstida, det vil seiå før 600 e.Kr. I same gruppa kjem også land-namna med unntak av meir moderne oppkallingsnamn.

Ei rad av dei minste gardane i Nærø har slike land-namn og dei ligg som regel i periferien til ein klar større gard. Det beste dømet er at det grensar heile ni gardar med land-namn til Bø. Og alle desse gardane har til saman ei landskyld som ikkje er større enn den til Bø åleine. Truleg er dei alle ein gong skild ut frå Bø på same vis som Bjorland som direkte tyder «Bø sitt land».

Eit problem med land-namna som kriterium for høgmellomalderbusetnad er at gardar med slike namn ofte er svært små og marginale og såleis vil vera svært utsette for avfolking i krisetider. Også etter folkevandringstida frå kring 550 e.Kr. fylgte ei øydetid som kan minna om seinmellomalderen.

Kring om i Nærø ligg det framleis mange restar etter gardsanlegg som blei avfolka i denne fyrste øydetida. Det er ikkje umogeleg at at det gamle namnet kan ha blitt hengande ved desse restane sjølv om det ikkje kom ny busetnad i løpet av høgmellomalderen. Eit døme på vanskane er Høneland som i 1654 blei nemnt under Auda-Motland.

På Høneland finst både land-namn og tidlegare folkevandringstufter. Dette er likevel ikkje nok til å seiå at garden var busett i perioden 1000 – 1350. Namnet må støttast også av andre kriterier som at det her på Høneland òg fanst tufter som peika i retning av høgmellomalderen.

Område med namn som **Øggar** eller **Aunå** eller i samansetjingar med desse namna peikar også mot heil eller delvis avfolking. Men sidan også desse namna kan peika i retning av tidlegare eller seinare øydeperiodar enn den i seinmellomalderen, må også dei setjast i samanheng med andre opplysningar for å kunna datera busetnad eller drift nærmare.

## Arkeologisk materiale

Ei siste kjelde som må nemnast er den som set Nærø og Jæren elles i ei særstilling: det arkeologiske materialet. Det er knytta ei rad metodiske vanskår å nytta dette materialet til å avsløra høgmellomaldergardar. Men finn me restar etter historiske gardsanlegg som markagard, gamleåker og fegate peikar dei mot høgmellomalderbusetnad.

Alle desse kriteria kan til sist setjast opp i tabell med ein poengrubrikk etter skalaen 1 – 10 som viser stigande grad av sikkerhet for høgmellomalderbusetnad. Etter ein slik gjennomgang finn me minst 40 gardar i Nærø som var busette før 1349 og i tillegg fem som kan ha vore busette.

Etter å ha funne busetnaden i høgmellomalderen skildra me avfolkinga i seinmellomalderen. Korleis var det råd å finna omfanget av avfolkinga?

## Kjelder som viser avfolkinga

I Rogaland er me så heldige å ha to skattelister frå kring 1520 der alle busette gardar blei rekna med. Den eine var ei sakefallsliste frå 1519, ein straffeskatt etter eit skatteopprør året i førevegen. Den andre var tiendepengeskatten av 1521, ein formuesskatt som skulle betalast av alt laust og fast gods. Etter desse listene kjem ikkje eit liknande oversyn før i 1563 på ei tidspunkt då det er tydeleg at folketalet er i ferd med å ta seg opp att.

Det er gjort ein del forsking kring desse listene, særleg av Hallvard Bjørkvik, og ein har kome til at listene er så og seia fullstendige med omsyn til å telja med dei busette gardane.

Tel me opp for Nærø finn me at det bare var att busetnad på 20 av dei 45 gardane som fanst i høg-

mellomalderen. Det vil seia at godt over halvta av alle gardane i dei to soknene låg øyde på 1400-talet.

Men å rekna heile gardar gjev sjølv sagt eit for grovt inntrykk av busetnadsutviklinga sidan matrikkelgardane varierte mykje i storleik. Me er då så heldige at skattelistene frå kring 1520 også gjev utgangspunkt for å rekna brukartal i bygda. Med eit tillegg for den gamle prestegarden på Bø, viser det seg då at det budde om lag 42 bønder i Nærø ved utgangen av seinmellomalderen.

Det må leggjast til at avfolkingsmönsteret sikkert har har vore noko annsleis tidlegare på 1400-talet. T.d. er det rimeleg å tenkja seg at nokre av dei større mangbølte gardane periodevis kan ha lege heilt avfolka, men har etter kvart fått tilsig av folk frå mindre, einbølte gardar. Men det nærmeste kjeldene let oss koma lågmålet etter avfolkinga er altså 1520.

## Gjenreising

Frå høgmellomalderen gjekk folketalet bratt ned. Ut over på 1500-talet tok det så smått å gå oppover att. Dei første gardane som blei gjenrydda, var Gudmestad og Njølstad, begge med bygslrar i 1563. Frå Bjarland, Grødem, Gausland og Håland blei lei-dangsskatten betalt i kalvskinn eller pengar, men utan at det blei nemnt folk på gardane. Dei har difor lege avfolka og blitt bruka som beitemark av grannane.

Men fram til 1603 blei både Bjarland, Grødem, Gausland, Austre Håland, Aude Motland og Våland attrydda. Til sist kom Bjarhaug i 1611 og Vestre Håland kring 1620. Fleire matrikkelgardar blei faktisk ikkje gjenreist før på 1800-talet.

Ei sak for seg var at husmenn kunne slå seg ned på dei gamle øydegardane. Slik var det med Lindal under

Obrestad i 1668 og Høneland under Auda-Motland i 1701. Sidan blei Saltveit husmannsplass under Nærland i 1738 og Årdal så seint som i 1795. Dei andre øydegardane låg sidan utan busetnad heilt opp til moderne tid. Då blei nokre rydda som moderne bruk medan andre framleis ikkje er anna enn markanamn.

Det er ikkje vanskeleg å skjøna at utskiljinga av øydegardar til sjølvstendige einingar stoppa opp kring 1620, men kunne halda fram som husmannsplassar. Øydegardane låg oftast i utmarka som brukarane på gardane dreiv i hop. For kvar øydegard som blei skild frå minka den tilgjengelege utmarka tilsvarende.

Sidan brukartalet utover på 1600-talet auka kraftig, blei dei stadig skarpare konkurranse om utmarka. Det førde til at det i matrikkelen frå 1668 ofte blei notert ved øydegardane at dei ikkje kunne skiljast frå hovudgarden. Då var det mykje greiare å la ein husmann slå seg ned der. Han ville meir bli som ein utmarksressurs og betala leige og pliktarbeid til kvar av bøndene øydegarden låg under.

Etter det me har vore inne på, er det rimeleg å tru at dei gardane som fekk størst folkeauke på 15- og 1600-talet, også må ha hatt den største avfolkinga i seinmellomalderen. Med snevre jordbruksressursar og ein stivbeint gardsstruktur, var det ei øvre grense for kor langt bruksdelinga kunne gå og kor høgt folkeauken kunne nå. Eit slikt øvre nivå vil elles også kunna gje ein indikasjon på kor langt busetnaden nådde i høgmellomalderen.

## Vokster i faser

Bruksauken skjedde i fasar. I den fyrste bolken frå 1520 til 1563 auka brukartalet frå 42 til 54, altså med 28%. Samstundes auka talet på attrydda gardar bare

med to. Det vil seia at det fann stad omfattande gjenrydding av bruk på alt busette gardar. Det gjennomsnittlege brukartalet for kvar gard gjekk då opp frå 2,1 til 2,6.

I den neste fasen dreidde det seg om å rydda øydegardar. Medan brukartalet bare vaks med 7,4% gjekk talet på attrydda gardar opp med 27%. Faktisk finn me ikkje bruksauke på dei etablerte 1520-gardane i det heile i siste helvta av 1500-talet. Resultatet var at talet på bønder på kvar matrikkelgard gjekk ned frå 2,6 til 2,1 att. Bakgrunnen for utviklinga var at etter som dei beste brukta på 1520-gardane blei busette att, blei øydegardane meir ettertrakta enn dei gjenverande brukta. Noko fekk det også å seia at krona dreiv ein aktiv politikk for å lokka folk til øydegardane, ikkje minst med skatte- og avgiftslette.

Dette gjekk til eit visst punkt kring 1610 då bøndene på dei alt busette gardane fann ut at nå fekk det vera nok. Dei sette seg sterkt mot meir gjenrydding av øydegardar. Og medan brukartalet auka frå 58 til 93 – med 60% – i perioden 1604 til 1666, kom det bare til to gjenrydda øydegardar. Fylgjeleg auka brukartalet på ny, denne gongen frå 2,1 til 3,1 for kvar gard i snitt.

## Taket blir nådd

Men så er det full stopp! Framleis i 1758, hundre år etter, er det bare 30 gardar og 94 bønder i Nærø. Slik blei det sjølv om folketalet auka ein god del. Det førte for det fyrste til meir folk på kvart bruk både ved at borna gjekk lenger heime enn før og ved at ein fekk fleire tenestefolk. Dinest blei det rydda husmannsplassar som også fanga opp ein del av folkeauken.

Det ser ut til at bruksauken kring 1660 stanga mot ei øvre grense for det det historiske gardanlegget

kunne romma på kvar gard. Så lenge fokleauken ikkje makta å sprenga denne strukturen, måtte dei nye finna seg levebrød t.d. i utmarka som husmenn.

Sidan gardsstrukturen var den same i høgmellomalderen, må det også då ha vore eit øvre tak for busetnaden. Og sidan både ressursane frå naturen si side og utnyttingsteknikken i hovudsak var den same, ligg det nær å tenkja at denne grensa ikkje kan ha vore så ulik i 1349 og i 1660. Reknar me slik, kan me ta utgangspunkt i dei 93 brukta kring 1660 og leggja til dei 15 øydegardane som framleis ikkje var busette då. Dei fleste var nok einbølte, men var det to bruk på eit par av dei, kjem me opp i kring 110 bønder i Nærø i høgmellomalderen.

Som ein kontroll på dette talet kan me bruka skipreideordninga slik ho blei etter 1277. Var det slik på Jæren også at kvart skip skulle rusta mannskap til ei tjuesesse, svara det til 40 mann. Desse mennene blei rusta ut ein frå kvart manngjerd. Eit manngjerd blei rekna til minst tri bønder noko som vil seia at normalskipreidet på Jæren skulle vore samansett av 120 bønder.

Kring 1660 utgjorde Nærø kring 85% av Kvia skipreide. Var det slik kring 1300 også, skulle altså Nærø ideelt ha 85% av 120 bønder, det vil seia 102 brukarar. På grunnlag av to ulike vurderingsmåtar kjem me altså til eit resultat som ikkje ligg avskrekande langt frå kvarandre. Liknande samanfall finn me også i Håland prestegjeld to-tri mil lenger nord på Jæren.

Nokre motførrestellingar må likevel reisast. For det første er det mogeleg at manngjerdene var større enn tri bønder. Brukartalet vil då vera noko større enn det som kjem fram her. Me kan heller ikkje vita sikkert om Nærø utgjorde like stor del av skipreidet i høgmellomalderen som sidan.

Me kan altså slå fast at Nærø i fullt mon blei råka av pesta. Steg for steg fall må folketalet ha falle til det bare var att 20 av 45 busette gardar, 42 av kring 110 bønder og kanskje 230 av opphavleg 660 menneske. Og det tok tid å koma til hektene att etter den store avfolkinga, over tri hundre år gjekk før ein nådde gammalt nivå att.

Dei ulike gardane fekk forskjellig lagnad. Somme gjekk gjennom krisa utan at me kan registrera avfolkning, på andre blei einskilde bruk lagde øyde. Nokre blei liggjande for fø fot til innpå 15- og 1600-talet då det på ny reistest hus på dei gamle tuftene. Andre gav rom for husmenn først på 1700-talet eller for moderne bruk på 1800- eller 1900-talet. Ein rest reiste seg aldri etter katastrofa, gamle gardar med namn som var gløymde for mange mannsaldrar sidan.

#### Kjelder og litteratur:

Artikkelen er i hovudsak bygd over hovedoppgåva til artikkelforfattaren: «Agrarkrisa i Nærø i seinmellomalderen.» Universitetet i Bergen, V-1975.

1. Om pesta, sjå mellom anna Walløe, Historisk Tidskrift 1/1989
2. Walløe 1982, s.20ff.